

Nattverdbøn utanfor hovudgudstenesta

1. Desse nattverdbønene blir brukte ved nattverdfeiring utanfor hovudgudstenesta, viss ikkje ei av hovudgudstenesta sine nattverdbøner vert nytta. Forrettande liturg avgjer kva bøn som blir brukt i den aktuelle samanhengen, til dømes Morgonmesse, kveldsmesse, leir, festival, institusjon etc.
2. Når det er mogleg, kan ein eller fleire medliturgar ta del i nattverdbøna.

Nattverdbøn utanfor hovudgudstenesta

1 | Innleiing

Ein kan flytta heile eller delar av denne innleiinga til gudstenesta sin start.

Nattverden vert innleia med desse eller liknande ord:

ML/L | [Nåde og fred vere med dykk!]

Vi er samla for å feire nattverd.

Vi skal ta del i dette fellesskapet med den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus og med kvarandre.

2 | Lovprising

ANTEN A

Blir sagt fram eller sunge

L | Herren vere med dykk.

A | **Og med deg vere Herren.**

L | Lyft dykkar hjarte.

A | **Vi lyfter våre hjarte til Herren.**

L | Lat oss takka Herren vår Gud.

A | **Det er verdig og rett.**

Sanctus eller ein annan lovsong kan følgje her.

ELLER B

L | Lat oss lovprise Gud.

Kyrkjelyden reiser seg.

Sanctus eller ein annan lovsong følgjer her.

3 | **Nattverdbøn**

ML/L | Gode Gud, du har skapt oss og kalla oss ved namn.
Du opnar di hand og mettar alt som lever med det gode.
Vi takkar deg for Jesus Kristus, vår frelsar
og for din kjærleik som er sterkare enn døden.

L | Vi ber deg: Send din Ande over oss og gåvene dine,
så vi kan ta imot Jesus Kristus i brødet og vinen.

4 | **Innstiftingsorda – Verba**

Blir sagt fram eller sunge

L | Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken,
tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa:
Ta imot og et!
Dette er min kropp som blir gjeven for dykk.
Gjer dette til minne om meg.

Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa:
Drikk alle av det!
Dette beger er den nye pakt i mitt blod,
som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne.
Kvar gong de drikk det, så gjer det til minne om meg.

5 | **Fadervår**

Blir sagt fram eller sunge

ML | Lat oss saman be den bøna Jesus lærte oss:

A | **Vår Far i himmelen!**
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt og makta og æra i all æve.
Amen.

Ein kan også bruke [Fadervår frå 1985](#) eller [Fadervår frå 1938](#)

6 | **Invitasjon/utdeling**

L | Kom for alt er gjort ferdig

ANTEN

Kristi kropp, gjeven for deg/Kristi blod, gjeve for deg.

ELLER

Dette er Jesu lekam/Dette er Jesu blod

7 | Tilseiing

L | Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin kropp og sitt blod som han gav til soning for alle våre synder.
Han styrkje oss og halde oss oppe i ein sann tru til det evige liv.
Fred vere med dykk.

Nattverdelementa blir dekte til.

8 | Takkebøn

L | Lat oss takke og be:

ANTEN A

ML/L | Vi takkar deg, nådige Gud, for dine velsigna gåver.
Vi bed at du ved desse gåvene vil halde oss fast i trua på deg,
sameina oss i din kjærleik og stadfesta i oss håpet om det evige livet,
for Son din, Jesus Kristus, vår Herres skuld. Amen

ELLER B

ML/L | Vi takkar deg, visdoms Gud, for den djupe løyndomen i ditt måltid:

A | **Hjelp oss å høyra det ropet du har høyrte,
å sjå den nauda du har sett,
og å elska nesten vår som oss sjølve. Amen**

ELLER C

Ein annen av takkebønene frå Ordning for hovudgudstenesta